

Tilsvar til Statsforvalteren sin klage på dispensasjon for fradeling av bustadhus nr to – Austrheim gbnr. 131/11 Fonnes.

Her er våre kommentarer til hovedpunktene i Statsforvalteren sin klage.

**«Våningshuset som søkes frådelt er det nyeste huset og ein ressurs for bruket.»**

Det er to våningshus på eiendommen, begge hus er i god forfatning og fradeling av det nyeste huset vil ikkje ha noen betydning for eventuell gårdsdrift her. Fradelingen vil heller ikkje ha negative virkninger for fremtidig gårdsdrift, det er god avstand til driftsbygning, beiteområde og fradeling vil ikkje forhindre tilkomst til jordbruksarealer.

**«Konflikt med landbruket grunna støy og lukt frå landbruket.»**

Den fradelte tomta vil kun grense ein mindre del mot dyrka mark i drift mot vest. I øst er det sikagran som føger tomtegrense, det har ikkje vært dyrka mark i drift her på lang tid. Det vil heller ikkje grense mot dyrka mark i nord eller sør. Sjå gårdskart under. Konfliktpotensiale er minimalt, dette bekreftes også fra dagens forpakter.



Statsforvaltaren kommer også med

*Til dette ønskjer vi å legge til at om det hadde vore søkt om fradeling og arealoverføring til eit anna gardsbruk, slik at arealressursane vert samla og driftsgrunnlaget styrka, hadde ikkje dette vore noko vi hadde vurdert som i konflikt med nasjonale omsyn eller i vesentleg strid med arealføremålet.*

Ein fradeling vil med andre ord være ok dersom dagens forpakter kjøper jorda? Jordbruksarealene her er små og dei som driver landbruk her i området må som oftest være i full jobb ved siden av gårdsdrift for å få endene til å «møtes». Da foreslåes det at dei her i tillegg skal kjøpe og få meire gjeld på ei jord som allerede ivaretas vederlagsfritt, det er ein dårlig økomisk løsning. Huset som søkes fradelt vil fremdeles også få samme tomtegrense som omsøkt, men da er det tydeligvis ikkje

noen utfordring med støy og lukt lenger? Det viser vel med all tydelighet at argumentet om konflikt mellom bolig og landbruk kan sees vekk fra.

**«Det er allereie frådelt fleire tomter frå bruket. Frådelinga vil stykke opp og redusere drifts- og ressursgrunnlaget på eigedomen**

At det er for 50 – 60 år siden blei fradelt 3 små parseller til nær familie( til daværende gårdseier Norvald og Oleanna Fonnes sine 3 døtre) - i ei tid der det var vanlig praksis å gi barna (utenom odelsgutten) ein tomt i tilknyting til barndomsheimen - kan ikkje ha noen betydning/relevans for denne dispensasjonsøknaden. Her søkes det om fradeling av eksisterende bolig nummer to på et relativt lite areal. Det ikkje er behov for boligen ved eventuell gårdsdrift.

Med bakgrunn i dei overnevnte punkter ønsker vi derfor å opprettholde vår delingssak iht tilsagnet gitt av Austrheim kommune da vi meiner at vilkåra er oppfylt og at klagen med underlag fra Statsforvalter ikkje kan taes til følge. Dispensasjon fra kommuneplanen her vil ikkje innebære ein vesentlig tilsidesettelse av hensynet til landbruksdriften og fordelene med dispensasjon meiner vi er klart større enn ulempene.

- Fradeling av kårhuset vil ikkje gi noe negativ innverkning på landbruksdrift eller utvikling av evt fremtidig gårdsdrift.
- Det er ikkje behov for to kårboliger på dette bruket.
- Fradeling her vil sikre bosetning og bruk av eksisterende boligmasse.
- Vedlikehold av landbruksareal kan ivaretas bedre. Ved fleire eiere som i dag vil det være vanskelig å enes om vedlikehold og drift av eiendommen,dette vil bli verre for kvar generasjon som går. Dette kan medføre at alt blir liggende brakk og forfalle, og vil ikkje være i tråd med hensikten til LNF områder.

Mvh  
Cato Fonnes